

# Urterik slåtteng

## Kan musea ta vare på gamle slåttenger?



### SJELDNE ENGER

Slåttenger med mange sortar blomar og gras vert kalla for urterike slåttenger. Dei er no så sjeldne at dei vert rekna som biologiske kulturminne.

Urterike slåttenger er skapt av menneska som har hausta graset gjennom mange år.

Plantene har tilpassa seg denne driftsmåte, og dei må stellast på same måten for at dei skal overleva.

### FLYTTA ENG TIL MUSEUM

Då museet vart etablert her, var delar av området forsumpa og prega av attgroing.

- Området vart drenert
- Gras vart henta frå ei urterik slåtteng på Haukåsen og lagt på
- Enga har vorte slegen seint på sommaren, gjødsla lite og beita forsiktig i snart 20 år.

Denne enga har vorte teken vare på gjennom tradisjonelt stell, og ho er no blant dei få urterike engene som finst att i kommunen.

Engene på museet er no blant dei mest artsrike i området her. Kan musea ta vare kulturlandskap på same måte som dei tek vare på bygningar?

### KOR MANGE PLANTEARTAR FINN DU PÅ ENGA?

Moderne engar inneheld ofte berre 3-4 artar/m<sup>2</sup>, medan ei gammaldags urterik eng kan ha 40 artar/m<sup>2</sup>. Ser du mange artar her